



## Statens vegvesen

Manger ungdomslag  
Radøyvegen 1595  
5936 MANGER

Eva Karin Klausen

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
16/139955-5

Dykkar referanse:

Vår dato:  
18.10.2017

### Fylkesveg 410 – Dispensasjon frå byggegrense – gnr. 45 bnr. 30 – Oppføring av tilbygg til eksisterande ungdomshus – Radøy kommune

Vi viser til Dykkar søknad av 26.09.17 om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 410 for oppføring av tilbygg til eksisterande ungdomshus i ein avstand på 15 meter frå senterlinja på fylkesvegen. Tilbygget ligg på sørsida av eksisterande ungdomshus.

Det er tidlegare i 2016 søkt om tilbygg på nordsida av ungdomshuset i ein avstand på 19 meter til senterlinja på fylkesvegen. Det vart i vårt brev av 10.10.16 gjeve dispensasjon frå byggegrensa for dette tiltaket. Ein har no kome til at det tilbygget som det tidlegare er gjeve dispensasjon frå byggegrensa for ikkje gjev ei god løysing for utviding av kjøkkenet i ungdomshuset og søker derfor om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen for eit tilbygg på sørsida av ungdomshuset som ligg 15 meter frå senterlinja på fylkesvegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgntrafikken (ÅDT) er ca. 200. Vegstrekninga er i «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)» klassifisert i haldningsklasse 4. Veggen er då definert som lokalveg der det kan vurderast ei byggjegrense på 15 meter.

Med dette som bakgrunn vil vi kunne gje dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 410 for oppføring av tilbygg til eksisterande ungdomshus i ein avstand på 15 meter frå senterlinja på fylkesvegen.

#### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 410 for å oppføre tilbygg på gnr. 45 bnr. 30 i Radøy kommune.

#### **Vilkår for dispensasjonen**

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 26.09.2017.

2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 410 skal vere minst 15 meter.

Tilbygget må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.

3. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesveg 410.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Postboks 43, 6861 Leikanger, e-post: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no) som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

### **Vedlegg**

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#),

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER